

Årsmelding for Handarbeidslaget Sans og Samling 2023

Organisasjon

I 2023 vart det halde årsmøte i lokala til Frivilligsentralen LF Riverdal i 2. etasje på Saften 2. mars kl. 19.30.

Styret såg slik ut etter årsmøtet:

- Sigrun Espe (leiar) – vald i 2023 for 1 år
- Liv Torill Espe – vald i 2023 for 2 år
- Marit Anita Skrede – vald i 2023 for 2 år
- Anne Lise Breidvik – vald i 2022 for 2 år
- Dorteia Rennestraum Alisøy – vald i 2022 for 2 år
- Grethe Buene – vald i 2022 for 2 år
- Susan Husabø (vara) – vald i 2023 for 1 år

Sigrud Svartefoss og Anne Margrethe Stenstadvold vart valde inn i valnemnda for to år i 2022.

Butikken Sans og Samling

Ein av hovudaktivitetane til handarbeidslaget er å drive heimeproduktbua Sans og Samling. Her kan både medlemmar og andre levere inn heimelaga produkt som dei ønskjer å selje. Handarbeidslaget tek 10% av salsprisen på produkt som medlemmane sel og 30% på produkt frå andre. Total omsetjing var i 2023 kr. 51 375.

I 2023 har butikken vore open laurdagar frå 11-14.

I 2023 har det fungert veldig bra å vere to på butikken nokre laurdagar. Vi har mellom anna forsøkt å få til dette laurdagar i desember. Då kan vi trekke butikken ut på gata, yte litt ekstra service og nå ut til litt fleire. Men det er utfordrande når vi har så få som tek butikkvakter.

I 2023 var det berre 10 frivillige som tok vakter i butikken (alt frå ei til 17 (!) vakter). Vi har ei lukka Facebook-gruppe for alle frivillige som tek butikkvakter, med 26 medlemmer. Det er stadig færre som tek på seg butikkvakter, og vi har ikkje lukkast med å få fleire frivillige til å stille opp. Vi må vurder korleis vi kan løyse dette, for ikkje å slite ut dei frivillige som stiller opp.

Aktivitetar

Sykveldar: Sykveldar er ein av våre faste aktivitetar som vi vanlegvis har både vår- og hausthalvåret. I 2023 hadde vi 8 sykveldar på vårhalvåret og 7 på hausten. Vi held på ein fast dag og ein fast tidspunkt: Tysdagar i partalsveker på barneskulen. Sykveldane er opne for alle, og dei siste åra har alle sjølve teke med kaffe og eventuelt kaffimat. Liv Torill Espe har hatt hovudansvar for sykveldane.

Strikkekafé: Vi har samarbeida med Leikanger Frivilligsentral om å arrangere strikkekafé i lokala deira i Saften annakvar tysdag dei vekene vi ikkje har sykveld.

I 2023 var det Sigrid Svartefoss og Grethe Buene som tok ansvar for strikkekafeane.

«**Maol og sup**»: 29. april arrangerte vi Maol og Sup på Herman, saman med Helena Bremer Farsund, kunstnar og artist frå Hafslo busett i Førde og kjend som Huldri, og Hanne Espe. Arrangementet var ope for alle, men medlemmar av Handarbeidslaget fekk 150 kr i rabatt på prisen. Det var 15 deltakarar på arrangementet, og vi fekk oppslag i [Sogn Avis](#).

Leikanger SommarMoro: Vi fekk midlar frå kommunen også i 2023 til å arrangere ein kjekk, kreativ aktivitet for born og unge. Vi samarbeida med Røysaleite grendalag og hadde to like arrangement - 24. juni og 5. august. Grendalaget var arrangør for den i juni, og Handarbeidslaget for den som var i august. Ruthild Dale hadde hovudansvar for gjennomføringa begge dagane. Vi fekk dekkja utgifter til 6 136 kr, mellom anna for innkjøp av utstyr og bruk av frivillige.

Fruktbare dagar: Laurdag 30. september var det Fruktbare dagar og torgdag. Vi flytta butikken vår ut på gata saman med dei andre torgseljarane. Det var bra sal denne dagen.

Loppemarknad på Sognefjord hotell: Handarbeidslaget tok initiativ til loppemarknad på Sognefjord Hotel søndag 12. november. Målet vårt med dette var auka fokus på gjenbruk og meir berekraftig forbruk. Mange av våre medlemmar er mellom annan opptekne av å kunne reparere og sy om klede. Hotellet var positive til dette, og stilte med lokale og open restaurant. 23 personar meldte seg på, og det var mykje folk innom. Vi fekk også [oppslag i Sogn Avis](#) der Anne Lise Breidvik var intervju. Ho var hovudansvarleg for arrangementet.

Det vart ikkje arrangert Førjulssøndag i Ungdomshuset i 2023. Saman med dei andre arrangørane vart vi einige om å ta ein ny vurdering i 2024, om dette er noko vi ønskjer å halde fram med.

Julegrantenning: Vi stilte med søndagsopen butikk i samband med julegrantenning 3. desember.

Julemarknad på Sognefjord hotell: Laurdag 9. desember flytta vi butikken vår bort på julemessa på Knausen. Vi fekk bord innandørs, og det kosta ikkje noko å delta. Det var bra med folk og vi hadde greitt sal.

Medlemsutvikling

Handarbeidslaget hadde ved utgangen av 2023 38 medlemmar.

Økonomi

Handarbeidslaget har hatt inntekter frå kontingentar, sal i butikken og tilskot til SommarMoro frå kommunen. Vi søkte også om midlar frå Sture Husabøs legat for å styrke tilbodet kring handarbeid, kreative aktivitetar og aktivitetsbaserte møteplassar, og fekk alt vi søkte om. Vi søkte kulturmidlar frå kommunen for seint, og fekk difor ikkje dette i 2023.

Våre utgifter er til husleige, straum, kurs og ulike nødvendige innkjøp til å drifte butikken og arrangere aktivitetar.

Sjå rekneskapen for meir informasjon om handarbeidslaget sine inntekter og utgifter.